

Rehab/ombygg/tilbygg garasje Leknesvegen 225A
Sak 17/3116-17/31172

Vi har prøvd å rettleie Helge Roy Haugland i samband med ei rehabilitering av eksisterande garasje i Leknesvegen 225A og viser til dykkar svarbrev datert 31.11.2017.

Ad. Pkt.1.

Vi søker herved om tiltak som nemnd, herunder dispensasjon frå arealplanen sitt krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Det er ikkje søkt om utviding av garasje mot nabo, men mot sjø. Utviding vert 0,5 meter x 3,1 = 1,55m². Utvidinga utgjør om lag 1% av tomtearealet. Heving av taket med om lag 0,2 meter får ingen innverknad på utnyttingsgrad eller avstand til nabogrense i nord.

Ad. Pkt.2.

Det vert ikkje endra avstand til nabogrense. Sjå sitplan. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag til konflikt med grenser då det ligg føre Skyldskifte dokumentasjon, samt underskrift/signering frå nabo om aksept av tiltaket. Sjå vedlegg.

Ad.pkt.3.

Utnyttingsgraden aukar med om lag 1%. Denne auken får ingen innverknad på gjeldande plan. Reguleringsplan under utarbeiding har forslag til same utnyttingsgrad og gir dermed ingen endring av denne vurderinga.

Ad. Pkt.4.

Nemnde mur vart fjerna for nokre månader siden og desse eigedomane nyttar derfor same utkøyring slik som de har foreslått.

Ad. Pkt.5.

Faktisk plassering er (var) vist på situasjonsplan og det er ingen endring av avstand til nabogrense. Ref. pkt.1. Endringane går fram av teikning som syner fasader av tiltaket. Dette saman med situasjonskartet viser tydeleg kva endring som er planlagt. Det er ikkje krav om innlevering av skjema for nabovarsel. Vi legg ved kvittering/signering av nabo der det går fram at teikning er vist og at det er gjensidig semje om løyve til å byggje nær eigedomsgrensa. Vi vurderer dette som fullgod varsling.

Knarvik 6. november 2017

Ing. Taule AS



Karl Atle Taule

Ing. Taule as
Kvassnesveien 33
5914 Isdalstø

Tlf: 56 35 85 55
Faks: 56 35 85 56
Mobil: 90 86 60 10

org.nr. 988 103 381 MVA
www.ing-taule.no
E-post : atle@ing-taule.no